

# Ein betre vår ein- gong



**Sein vår:** Jon Erik Knotten, Elin Katrine Knotten (i midten) og Gunn Vekterli Leitre Knotten ventar på våren. Sjølv om våren er sein, og vêret generelt upåliteleg kan Elin Katrine Knotten tenkje seg

Vêret i vår har ikkje vore normalt. Kornbøndene i Vestfold ligg ein måned etter skjema. Bonde Jon Erik Knotten er usikker på om han vil rekke å så.

**REVETAL.** Det skulle ha spira no. Grøne kveiteaks skulle ha vore på veg i retning den blå himmelen over Vestfold. Men åkrane rundt garden til Jon Erik Knotten ligg brungrå og blaute. Fleire stader er søledammar synlege. Blodlønna i tunet har så vidt byrja skyte knoppar.

– Det byrjar å bli litt krise her no, seier Knotten. Han har 2600 mål dyrkamark. Han produserer frø, kveite og åkerbønner.

No tel han på knappane. Han sjekkar stadig vernetstaden yr.no. For kven veit, kanskje godvêret er på veg?

Det skal vere konfirmasjon på garden i slutten av mai. Odelsgutten, den eldste av fire, skal konfirmerast. Våronna skulle vere ferdig til då. Spørsmålet no er om den vil vere i gang. Tida er i ferd med å renne ut. Frøproduksjonen er den einaste som er i rute. Vekstsesongen for kveiten kan bli

knapp. Det same gjeld for åkerbønnene. Knotten omtalar seg sjølv som ein satsande bonde. Han driv kornproduksjon i stor skala. Konsekvensen av sein vår blir dermed også stor.

#### Frosen jord

Vinteren i Vestfold var kald. Telen gjekk langt ned i jorda. Knotten tolka telen som eit godt teikn.

– Dei våte haustane har gjort mykje ugagn på jorda, så det var godt med tele. Problemet var at den aldri ville sleppe, seier Knotten.

2,4 grader minus. Det var gjennomsnittstemperaturen i Revetal i mars i år. April var kald og våt. Også i mai har eit tynt lag av kvitt rim ligge over jorda og graset om morgonen. Heile Austlandet har opplevd det same. Telen i vinter var fleire stader unormalt djup. Den kalde våren gjorde at det tok usedvanleg lang tid å få tint opp



#### UVANLEG VÊR

Det vi har sett i vår er veldig spesielt.

HELGE DRANGE  
KLIMAFORSKAR

jorda. Statistikk frå Meteorologisk institutt viser at gjennomsnittstemperaturen i Sør-Noreg var tre grader kaldare enn normalen i mars. April var to grader kaldare enn normalt. På Hedmarken, i Østfold, Vestfold, Akershus og delar av Buskerud ligg mange bønder fleire veker etter med våronna. I Sogn og Fjordane ligg bøndene tre veker etter. Regnet skaper problem, og sauene har ikkje blitt sendt ut på beite. I Rogaland og Hordaland er det mange brune og gule jorde og fôrmanngel både for storfe og småfe. Også tidlegproduksjon av grønsaker er ramma av den kalde våren. I Østfold, Vestfold, Lier og Agder er forseinkingane på mellom ein og tre veker. Berre Frosta i Nord-Trøndelag og Toten er i rute.


#### God plan

I vinter, då snøen låg kald og stille på jorda utanfor, bestemte Knotten seg for å handle inn såkorn. Han ville sikre seg om haustkveiten gjekk ut.

– Eg ville vere tidleg ute, fordi eg veit korleis det blir. Plutselig skal alle ha, seier han.

No står 40.000 kilo såkorn på låven. Også dei kvite 600 kilos sekkane med kunstgjødsel har fått





**Våt jord:** Det surklar under støvlane når Jon Erik Knotten trør ut i åkeren.



**På vent:** førebels står sekkane med kunstgjødsel pent oppstilte og ventar på betre tider.

**å bli bonde ein dag. – Eg trur det kan vere fint, seier ho.** ALLE FOTO: SIRI JUELL RASMUSSEN

stå i fred. Såmaskina står også ubrukt. Knotten må stadig minne seg sjølv om å tenkje positivt.

– Ein må vere evig optimist for å halde på med jordbruk, seier han.

Om vèret snur no, kan han så i slutten av mai. Avlinga av vårkveite kan reddast gjennom å bruke mindre gjødsel, auke mengda med såkorn og å kutte vekstreguleringa. Det gjer veksttida kortare. Han minner seg sjølv om at det framleis er mogleg.

– Planen no er å korte ned på veksttida. Men eg er litt stressa. Det er store verdiar som står på spel for meg. Når ein ikkje får gjort ting til rett tid, blir det mindre pengar i kassa i den andre enden. Det er ikkje artig å tenkje på, seier han.

Fleire bønder i området har bestemt seg for å bytte ut kveite med andre kornslag med kortare veksttid i år.

– Problemet er at vi ikkje kan bytte inn. Vi må kjøpe nytt. Såkornet kjem til å halde seg til neste år. Men problemet blir at eg då bind opp så mykje kapital, det passar dårleg no, seier han.

#### **Varmare, men kaldare**

Årsaka til den kalde våren er å finne i Arktis. Eit



**KALDT**  
Det er grunn til å vere uroa no.

EINAR STRAND  
FAGKООORDINATOR FOR KORN I  
NORSK LANDBRUKSRÅDGIVNING

usedvanleg høgt og stabilt lufttrykk med senter over Grønland, sender kald polarvind sørover. Klimaforskarar har den siste tida diskutert om den iskalde vèrvinden på finurleg vis kan vere forårsaka av global oppvarming. Vindane frå nord skal vere forårsaka av den rekordstore smeltinga av is i Arktis dei siste åra. Klimaforskar Helge Drange trur teorien har lite for seg.

– Eg synest det verkar usannsynleg at det som skjer i polområda i så sterk grad skal overstyre alle andre faktorar, seier han.

Drange trur den kalde våren er tilfeldig.

– Det vi har sett i vår er veldig spesielt. Viss vi ser det over tid, er utviklinga eintydig. Vøren kjem tidlegare og hausten seinare, seier Drange.

Med auka temperaturar følgjer også auka nedbør.

– Nedbørmengda har auka med 20 prosent på hundre år. Ekstrem nedbør auka med 30 prosent dei siste hundre åra, seier Drange.

Oppvarminga endrar heile økosystemet.

– Vekstsesongen blir lenger. Men samstundes skaper auka nedbør nye sjukdommar, fleire insekt og nye artar endrar vilkår for produksjo-

nen. Det er eit ope spørsmål om norsk jordbruk og skogbruk kan tilpasse seg endringane, seier Drange.

#### **Mindre avling**

Sein såing gir dårleg avling. Dette er ein tommerfingerreleg for kornprodusentar. Einar Strand, fagkoordinator for korn ved Norsk Lanbruksrådgivning, seier at det likevel er heilt umogleg å anslå kva som vil bli konsekvensen av den forseinka våronna.

– Mykje avheng av resten av vekstsesongen. Får vi ein varm sommar, litt varmare enn normalt, kan det framleis gå bra. Ein kald sommar vil skape problem, seier Strand.

Strand åtvarar mot å svartmale situasjonen.

– Men eg kan gå så langt som å seie at det er grunn til å vere uroa no, seier han.

Strand fortel at svært mange er i same situasjon som Knotten. Dei sit med store lager av såkorn med lang veksttid.

– Å bytte til kornslag med kortare veksttid er eit vanskeleg val. Å lagre såkorn over fleire år kostar. I tillegg kan ein ikkje vere sikker på at kvaliteten vil halde seg, seier Strand. ▶